

Ostereidet kommunale barnehage  
v/ samarbeidsutvalsleiar Toril M. Mulen  
5993 Ostereidet

Det kongelege barne- og familidepartement  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

Høyring – forslag til ny barnehagelov

### **Forslag til forskrift om norm for pedagogisk utdanning**

Departementet føreslår at dagens pedagognorm vidareførast. Pedagogtettleiken i norske barnehagar er lav i forhold til dei andre nordiske landa som det er naturleg å samanlikne seg med. Vi er av den formeining at for å auke kvaliteten i norske barnehagar bør det arbeidast for at det vert to førskulelærarar per 7 – 9 eller 14 – 18 barn ( i grupper med barn under 3 år og over 3 år).

### **Styrars administrasjonstid**

Det er ei viktig konkretisering av når styraren kan reknast som ein del av den pedagogiske bemanninga at det vert teke inn i forskrifta § 2 at styrarressursen kun kan reknast inn i pedagognormen dersom styraren faktisk er til stades i det daglege arbeidet med ungane. I tillegg burde det vore mogleg å anbefale norm for kor mykje ressursar det bør avsetta til leiing av ein barnehage. Dette kan verte utrekna med bakgrunn i antall avdelingar/born/tilsette.

Vi ser heilt klart at det er naudsynt å ha ei form for dispensasjonsadgang i områder der det er vanskeleg å få tak i tilstrekkeleg personar med pedagogisk fagleg utdanning. Men vi ser med bekymring på at det vert føreslege å gje eigaren dispensasjonsadgang for inntil to år i gongen for norma med pedagogisk bemanning. Vi meiner dispensasjonsadgangen burde vore maks eit år. Vi kan ikkje kome i den situasjonen at personale som tilfredsstiller normen for pedagogisk utdanning ikkje kjem til som søker avdi ein har for lange dispensasjonsperiodar.

### **§ 1 Norm for pedagogisk bemanning**

### **§ 2 Styrar si tid til administrasjon og leiing**

### **§ 3 Midlertidig dispensasjon**

### **§ 4 Ikrafttreding....**

Her får barnehageeigar fortsatt anledning til å søke om disp for å auke ant barn over 9 eller 18, så lenge forholda legg til rette for det. Dep presiserar at dette berre skal gjelde unntaksvi. Erfaringar viser at når barnehageeigar slit med økonomien er dette eit av områda ein kan søkjer å dekke inn sin därlege økonomi. Vi meiner at det ikkje burde vore gjeve adgang til å søke disp til å gå ut over normen for pedagogisk bemanning. Med bakgrunn i den frå før låge pedagogtettleiken i norske barnehagar burde dep heller søke å auke pedagogtettleiken heller enn å opne opp for lågare pedagogtettleik. Dette handlar om å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i den einskilde barnehage.

### **Framlegg til forskrift om midlertidige og varige disp og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar**

**§ 1 Midlertidig disp**

**§ 2 Varig disp**

**§ 3 Unntak frå utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid**

**§ 4 Klage**

**§ 5 Ikrafttreding....**

Vi er sterkt imot at det i framlegget vert opna opp for å gje to års disp frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar. Dette kan bety at stillingar er i bruk av ufaglærte når kvalifisert personell søker stillingar. Vi er bra nøgde med presiseringa av at det skal gjerast ein reell innsats for å rekruttere kvalifiserte forskulelærarar til stillinga.